

# AUSTRHEIM SOKNERÅD

## MØTEBOK – TITTELARK

### FELLESRÅDSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
01.09.16

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemer:**

Arne Lerøy, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin S. Fonnes, Bjørn Helge Olsen, Jusu Gyflan og sokneprest Per Børge Hillestad.

**Varamedlemer:**

Inger Synnevåg, Kjell Dahle, Einar Austrheim

**Andre:**

Anne Dahle Austrheim, kommunal representant.  
Kyrkjeverje Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:**

Kine Lerøy  
Britt Ystebø  
Svein Thomas Villanger  
Anita Bakke

**Desse møtte ikkje:**

Henrik Nielsen (vara)

**Saker til førehaving:**

Fellesrådssaker: F- 20/16 – 24/16

**Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F 20/16 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Ingen merknader.

F 21/16 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 01.06.16

Ingen merknader.

F 22/16 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK:

Vedtak:

Jusu Gyflan og Sylvelin S Fonnes.

F 23/16 SØKNAD OM MARKERING AV VERDAS DIABETESDAG

Det er komein ein søknad frå Diabetesforbundet i Nordhordland om å markera verdas diabetesdag 14.november med å «male bygninger blå», ved å bruka eit blått filter framfor flomlyset. Kyrkjeverja har retta eit spørsmål til bispedømekontoret om saka. Svaret derifrå er at formålet ikkje er ei sak som kan avgjerast av fellesrådet men må i tilfelle rettast til biskopen som søknadspliktig.

Eit anna moment i saka, er korleis fellesrådet på generelt grunnlag bør forhalda seg til denne form for søknader. Bør kyrkja, som på alle måtar er eit særskilt hus, brukast som markør for ulike interessegrupper – sjølv om formålet er aldri så prisverdig?

Vedtak:

Austheim Kyrkjelege Fellesråd avviser søknad frå Diabetesforbundet i Nordhordland om å markera Verdas diabetesdag 14.november, med å «mala» kyrkjebrygget blått. Grunngjevinga er at dette er søknadspliktig og må behandlast av biskopen og kan ikkje avgjerast lokalt. Eit tilleggsmoment er at fellesrådet ynskjer å vera tilbakehaldne med å bruka kyrkjebrygget som markør for ulike interessegrupper, sjølv om formålet i seg sjølv er prisverdig.

F 24/16 UTBETRING AV KYRKJELYDSHUSSET – TOALETTFORHOLDA OG UNIVERSELT TILGJENGE

Det har i lengre tid vore eit behov å få gjort noko med toalettforholda i kyrkjelydshuset. Anlegget er gammalt og utdatert. Vidare er det behov for å gjera noko med tilkomsten til kontorfløyen, slik at den kan vera universelt tilgjengeleg. Dette kan eventuelt løysast med ein trappeheis, eller ved å få lagt ein skråtilkomst på utsida med eit nytt inngangsparti i enden.

Det bør vurderast ein tidsplan for tiltaket med tilstrekkeleg midlar til planlegging og utføring.

Vedtak:

Austrheim Kyrkjelege Fellesråd ber kyrkjeverja finna økonomi til å engasjera ein ekstern part til å teikna og prosjektera ei totalløysing på utbetring av toalettforholda i Kyrkjelydshuset, samt finna ei løysing med universelt tilgjenge til kontorfløyen.